



Marit Sjøvangen på Statsraad Lehmkühl under The Tall Ships Races

Marit Sjøvangen frå Uskedalen er mønstra på seglskuta Statsraad Lehmkuhl som sjukepleiar. Ho brukar deler av ferien sin på dette og har gjort det fire gonger før. Då har turane for det meste gått til Shetland og Orkenøyane. No gjeld det regattaen The Tall Ships Races.

uskedalen.no hadde i dag avtale om å møta Marit på den staselege Statsraaden kl. 11. inst inne i Vågen i Bergen. Vi fekk tilgang og omvisning på heile skuta,- sjølv på plassar som til vanleg ikkje er opne for publikum. Marit gjekk ombord i Fredrikstad og har vore med på seglasen rundt kysten, innom Rosendal og så til Bergen. Seglasen går vidare til Esbjerg i Danmark.

Marit Sjøvangen er spesialist-sjukepleiar. Når det ikkje er lege ombord, må ho ta det meste av dei helseproblema som oppstår på eit skip. Det gjeld særleg forstuingar, brannsar og ikkje minst sjøsjuke. Ute i havet på reisa til Vestlandet var mange sjuke, og nokre av medseglarane låg i sjukelugaren.



[Marit syner oss sjukelugaren og legekantoret](#)

Statsraad Lehmkuhl har eit fast mannskap på rundt 50. I tillegg kjem frivillige og medseglarar som kjøper seg ein tur. Sjølv har ho ikkje løn for jobben, men får gratis tur og mange fine opplevingar.

I ledige stunder må alle ta del i arbeidsoppgåvene ombord. Å pussa messing før ein kjem i hamn er viktig, det same med reinhald og vedlikehald. Marit syner oss all messingen ho har pussa.

Marit har alltid hatt interesse for båt og det å vera på sjøen. Far og bestefar hennar bygde båtar, og ho fekk tidleg

vera med på sjøen.

Marit rekk så vidt ein tur heimom før regattaen held fram mot Esbjerg.



[Frå omvsninga på skuta. Her er den vakre aktersalongen, til bruk av spesielle gjester](#)

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland.